

**Arnesen seier takk for seg?**

20.08.2010

**Uskedelingen og fotballveteranen Ivar B. Arnesen har gjeve opp håpet om 4. divisjon for Rosendal, som no ligg på niandeplass i andreaddelinga - 14 poeng bak sikker plass.**

Han seier til Sunnhordland at toget har gått for laget. No ligg dei for langt etter og får prøva å fullføra med stil.

Arnesen har som hovudtrenar hatt få folk med seg gjennom heile sesongen. Held det fram slik, lyt Rosendal finna ein ny trenar til neste sesong.

-På heimebane har det vore ok, men på bortebane har me berre vore 11-12 spelarar. Det er uaktuelt for meg å vera med vidare viss gruppa er så lita, seier Arnesen.